

**Samrøystes vedtak frå Fylkesutvalet - 08.12.2014**

- Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til innføring av ein handlingsregel som regulerer vekst i norsk lakse- og aureoppdrett.
- Handlingsregelen må vere fleksibel slik at ny kunnskap om oppdrettsnæringa sin påverknad på miljøet raskt kan takast inn som ein faktor for vurdering av berekraft.
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at lusenivået vil vere ein viktig faktor når berekraft skal vurderast.
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det må arbeidast vidare med berekraftskriteria for utslepp av næringssalt og rømming når ein handlingsregel vert utforma.

## **Behandling i Fylkesutvalet - 27.10.2014**

### **Votering:**

Kulepunkt 1 og 2 vart vedteke med 10 mot 3 stemmer. H stemte mot.

Kulepunkt 3 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Fylkesutvalet - 27.10.2014**

- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at ein ikkje bør fjerne forskrift om fordeling og avgrensing av produksjonskapasiteten innan lakseoppdrett for å verne om lokalt eigarskap av naturressursane våre og lokal verdiskaping.
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at dersom ein opphevar forskrifta som set krav om verdiskaping lokalt, vil mange kystsamfunn risikere å tape viktige arbeidsplasser, verdiskaping og rekruttering til havbruksnæringa. Tilbakeføring av verdiar til samfunn som stiller fellesskapet sine areal i kystsona til disposisjon for havbruk er ein nøkkelfaktor for å vidareutvikle havbruksnæringa til ei av dei viktigaste framtidsretta næringane for Noreg.
- Møre og Romsdal fylkeskommune ser at havbruksnæringa er heilt avhengig av gode areal for å drive berekraftig, og vi ser at det vil bli vanskelige å få innpass i kommunene til gode havbruksareal dersom lokalsamfunnet får lite igjen for havbruk.